

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Synnøve Solbakken (A) sette fram slikt forslag:

«Haustkonferansen er ei årleg konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland, i regi av fylkeseldrerådet i Hordaland. Den komande regionreforma vil ha følgjer for årets konferanse. Derfor bør Haustkonferansen for Fylkeseldreråd i Vestland fylke arr.til våren 2020. Dette fordi begge dei to fylkeseldreråda då kan vera med å planleggja konferansen tid, stad, tema og førelesarar.»

Gunda Falao Sparre (LOP) sette fram slikt forslag:

«Haustkonferansen 2019 vert gjennomført som planlagt. Dette med bakgrunn i at fylkeseldrerådet allereie er komen langt i planlegginga av haustkonferansen 2019. Møtestad er bestemt. Hotel, møtelokale er bestilt og dato er bestemt. Målgruppa, dei kommunale eldreråda i Hordaland forventar konferansen hausten 2019. Ein konferanse våren 2019 vil kollidere med andre store konferansar.»

Røysting

Solbakken sitt forslag fekk to røyster (A, Solbakken og H, Sjong) og fall.

Sparre sitt forslag fekk fem røyster (LOP ,Sparre, PF, Opedal, Lingjerde, Reigstad og SN-H Himle) og vart vedteke.

Vedtak

Haustkonferansen 2019 vert gjennomført som planlagt. Dette med bakgrunn i at fylkeseldrerådet allereie er komen langt i planlegginga av haustkonferansen 2019. Møtestad er bestemt. Hotel, møtelokale er bestilt og dato er bestemt. Målgruppa, dei kommunale eldreråda i Hordaland forventar konferansen hausten 2019. Ein konferanse våren 2019 vil kollidere med andre store konferansar.